Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Krødsherad

Emne: Regnet.

Bygdelag: — " —

Oppskr. av: Truls G. Ørpen

Gard: Ørpen

(adresse): p.t. Flattum, Vikersund

G.nr. 221 Br.nr. 1–2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røynsle (67 år)

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1)

2)

3)

4)

5)

6)

7)

8)

9)

10)

11)

12)

13)

17)

19)

20.

Emne: Brynet. **Brynet.** Fylke: Buskerud.

Oppskr.av: Truls G. Ørpen, Herad: Krødsherad.

Adr. p.t. Flattum, Vikersund. Eiga røynsle (67 år).

1) Det vanlege namn på bryne er bryne.
Å kvesse ljå, skyrur, kniv eller andre egg-jarn kallast å bryne. Kjønn: eit bryne
Det er mogeleg at rektig harde brynar i eldre tider vart kalla hein. Uttrykket "hard som ein hein" finst enda.
Det var truleg glatte steinar som vart funni i garda.

2) Nå brukast mest brynar av kunststein; men for ein 40-50 år sia, var det mest Håkenås brynar som vart bruka. Desse kom frå Håkenås i Tinn, Telemark, og eg huger at kremmarar bar deim i skreppor like frå Tinn, over Numedal, Eggedal og til Krødsherad. Dei var da nått tilhogne så det var eit langt arbeid å få deim tilmåta. Dei skura deim med murstein i vatn. - Det finst nok nokon att.

3) Alle verktøyer blir først slipt på rundstein og etterpå kvest med bryne. Harvtenner vart ofte kvest på senne kvis dei ikkje var for skjemde

4) Var ikkje kjent om tynslebryar. Slipeljåar og skyrur er nok gamle i Krødsherad

5) Det var berre fagsmeden som i alm. brukte senne.
Slipesteinen stod på garden, men i utslåtter hadde dei gjerne ein mindre stein som dei flutte med seg. No er dei fleste utslåtter utlagt til hamn.

6) Dei brukte sjeldan å slipe i åkla, men var det stein til hadde dei gjerne med.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

trusto ljåar til å slofte

7) Sam aftast hadde dei eit grövre og eit finare bryne med. Brynestikka, gjerne laga av hyrived, vart au brukta til å laga fin egg. Sandstikka likeeins. Dei laga deim sjølve. Det var eit brestykke, påklint kjære og strödd med fin sand. Dei bete godt, men bryne vart mest brukt.

8) Dei fleste ber ljåen av arvet når dei slijar, og sett eggen mot seg. Samme slijar han i arvet, men ein får da i alm. ikkje så godt bete

9) Når dei bryner langljåen, støyter dei övre ende av arvet ned i jorda – det er gjerne til spisson –. Stuttorvet[skaftet] halder dei millom knea og knesar.

10) Koppen med vatn som dei har brynet i, kallast brynekulp. Den vart laga av tre

11) Har ikkje hört at brynet vart båret i akse- eller kuhorn.

12) Brynekulpen hang i ein lærreimp og vart baren mitt fyram.

13) Bryner av naturstein vart fukta med vatn, men dei av kunststein vert som aftast brukt tørre.

14) Nei

15) –

16) –

17) Har hört at eldre folk la brynet i mauetuva for å få det betre. Det skulde bli blautare.

18) Nei

19) Samme spurta på brynet, kvis dei ikkje halde kulp.

20) Rim: „Skjemt ljå og ikkje nata på. Salt sild og ikkje drykke til".

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
189

189